


Årsrapport 2008



# Evaluering av norsk utviklingssamarbeid



A person with dark skin, wearing a yellow t-shirt and black pants, stands with their back to the camera, looking out of a window with a metal grille. The background is a bright blue wall. The person is standing on a dark, textured surface, possibly a sidewalk or ground.

## Evaluering på nett

Evalueringsavdelinga har si eiga heimeside på [norad.no](http://norad.no/evaluering):  
**<http://norad.no/evaluering>**

På denne sida vil du finne, med utgangspunkt i det årlege evalueringsprogrammet, oppdatert informasjon om status for dei evalueringane avdelinga er involvert i. Dette gjeld både dei evalueringene vi sjølve har ansvaret for og dei internasjonale evalueringene vi deltar i. Vi legg også ut informasjon om evalueringar som er under planlegging og oppdaterer lista over framtidige evalueringar. Utlysing av anbud blir annonsert på denne sida, og ferdige evalueringsrapporter kan lastast ned eller bestillast her.

Målet med heimesida er å få ei oppdatert og levende side som til eikvar tid reflekterer det evalueringsavdelinga arbeider med.

# Innhold

## **03 Blikket utafra**

## **04 Kva vi lærte frå evaluering i 2008**

## **08 Oppfølging av evaluering i forvaltninga**

## **10 Internasjonalt samarbeid og evalueringsfagleg utvikling**

## **11 Fullførte evalueringar i 2008**

12 Evaluering av Norwegian Preparedness System (NOREPS)

13 Evaluering av Verdensbankens fond for miljøvennlig og sosialt bærekraftig utvikling

14 Evaluering av støtteordningane under EØS-avtalen

15 Evaluering av norsk støtte til innsats mot hiv og aids

16 Evaluering av norske forskingsinstituttets bidrag til norsk fredsarbeid

17 Evaluering av norsk bistand til fiskerisektoren

18 Evaluering av bistand for å fremme de fattiges stemmer og myndighetenes ansvar

20 Evaluering av utfasing av bistand

22 Erfaringer fra kapasitetsbygging i afrikanske lavinntektsland

23 Erfaringer fra bruk av kontantstøtte i bistanden

24 Norsk virkningsevaluering. En studie

25 Tilnærminger i arbeidet mot korrupsjon. En litteraturstudie


26 Evaluering av UNDPs rolle og bidrag innen miljø og energi

27 Evaluering av Verdensbankens støtte til desentralisering

28 Evaluering av Verdensbankens støtte til reform av offentlig sektor

29 Evaluering av Verdensbankens økonomiske analysevirksomhet og faglige bistand

30 Evaluering av det globale vaksineinitiativet GAVI



# Blikket utafra

Den kjenner best kor skoen trykkjer som har han på. Ingen kjenner eit bistandsprogram, ei støtteordning eller ein sektor betre enn den som har ansvaret og dagleg arbeider med planlegging og iverksetjing. Ein viss skepsis vil oftast vere til stades hos dei ansvarlege når eksterne konsulentar skal inn å vurdere og evaluere.

Eksterne forskarar og konsulentar brukar tid til å setje seg inn i situasjon og problemstillingar. Det kan vere arbeidskrevjande og irriterande for dei som blir evaluerte, særleg når evaluatoren ikkje synest å forstå den røyndommen ein sjølv fungerer i, når ein ikkje kjenner seg att i det bildet som blir teikna. Vår erfaring er at det nærmast er ei naturlov at utkast frå evalueringsteam inneheld feil og at ein del er misforstått. Ein god høyringsprosess kan bøte på det, men det betyr ikkje at alle vil vere samde i den framstillinga evalueringsrapporten gir.

Det er likevel *blikket utafra* eg vil slå eit slag for her. Sjølve essensen i uavhengig evaluering ligg i dette, at ekspertise utan interesser i verksemda skal gå kritisk gjennom prinsipp og praksis i det arbeidet som blir gjort. Men blikket utafra har også ein verdi i seg sjølv, i tillegg til å måle og vurdere etter internasjonalt aksepterte retningslinjer. Det kan vere sunt at nokon utfordrar det bildet ein sjølv har av sin plass og sine oppgåver.

Det betyr ikkje at resultatet av evaluering alltid er meir kritisk enn den røyndommen ein ser sjølv. Mange som arbeider i norsk utviklingssamarbeid er sjølvkritiske på vegner av sitt fag og sin etat. Evalueringane i fjor både av norsk innsats mot hiv og aids og bistanden til fiskeriutvikling var i hovudsak positive. Somme stiller spørsmål om konsulentar frå utlandet er kritiske nok. Det hender at utanlandske forskarar fort blir velvillige overfor norsk utviklingspolitikk

Skoen trykkjer ikkje berre på den som har han på, han etterlet seg også fotefar der ein går. Korleis blir desse fotefara opplevde i utviklingslanda av dei som skal nyte godt av bistanden?

i seg sjølv, og kan hende ikkje ser nøye nok på praksis. Men det kan også vere at norsk og skandinavisk bistand gir resultat nettopp fordi vi legg vekt på å følgje i praksis det som blir sett på som god bistandspolitikk.

Ein annan av rapportane i 2008 analyserer nytten av bidrag frå norske forskingsinstitusjonar til norsk fredsarbeid. Eit tema det er vågalt å prøve seg på, sjølv sagt. Prosjektet var ikkje ei *fagfellevurdering* som er så vanleg i forskingsverda. Blikket utafra var frå konsulentar som er vane med å vurdere resultat. Bilda utafra og innafra stemte nok ikkje alltid her heller. Men karakteren som vart gitt på nytten av norsk fredsforskning var slett ikkje dårleg.

Blikket utafra gjeld likevel ikkje berre konsulentar og forskarar som vinn anbud hos oss. Somme vil seie at desse ikkje ser på oss frå utsida fordi dei er ein del av miljøet. Vi har også behov for kritiske blikk frå dei som står utafra bistandsverda, frå forskingsmiljø, pressa og engasjerte medborgarar. Dei siste åra har vi hatt eit sterkare søkjelys på oss. Ofte synst vi ikkje sjølve vi får dei kritikarane vi fortener, særleg når det blir brukt eksempel på dårleg bistand frå 20–30 år tilbake i tida. Men det betrar seg, og det er vårt håp at vi også bidrar til den kritiske debatten gjennom våre evalueringsrapportar.

Skoen trykkjer ikkje berre på den som har han på, han etterlet seg også fotefar der ein

går. *Footprints* er blitt eit nytt moteord også i utviklingsdebatten. Korleis blir desse fotefara opplevde i utviklingslanda av dei som skal nyte godt av bistanden? Kan vi få røyster frå Sør sterkare inn i evalueringsarbeidet?

Vi har erfaring frå det på den måten at knapt noko evaluering blir gjennomført utan at det er lokale konsulentar med. Men deira rolle er som regel avgrensa til å yte bidrag, dei har sjeldan eit større ansvar for evalueringa. I 2008 tok vi fatt på to evalueringar der vi i større grad brukar u-landseksptise. I evalueringa av norske organisasjonars bistand i Nord-Uganda inviterte vi berre ugandiske konsulentar og forskingsinstitusjonar til å leggje inn bod. Rapporten frå eit ugandisk konsultentselskap blir lagt fram våren 2009. I Nepal blir evalueringa av sektorprogrammet for utdanning gjort i eit samarbeid mellom britiske og nepalske konsulentar etter at vi hadde sett slik nepalsk deltaking som eit vilkår for tildeling. Men sikrar vi på denne måten «syn frå Sør» inn i evalueringane? Vi må nok halde fram å leite etter måtar å trekkje Sørperspektivet betre inn i evalueringane på. På den måten kan vi også bidra til parolen om at utviklingssamarbeidet skal starte i Sør og slutte i Sør.



Asbjørn Eidhammer  
Evalueringsdirektør

Vi vil trekkje fram  
fire viktige  
lærdommar



# 1

## VI TAR IKKJE NOK OMSYN TIL POLITISKE MAKTFORHOLD I BISTANDSSAMARBEIDET

*Desse erfaringane viser at det er behov for å forstå meir av den politiske samanhengen norsk bistand går inn i.*

Landevalueringa av Zambia i 2007 viste at Norge og andre givarar langt på veg har vore blinde for dei politiske konsekvensane av utviklingstiltak. Ein gjennomgang av dialogen mellom Norge og Zambia om den økonomiske politikken frå 90-åra og framover viste det. Fleire av rapportane i 2008 peikar i same retning. Litteraturgjennomgangen av antikorrupsjonsprosjekt viser at mykje av bistanden på dette området er gitt utan at det er teke omsyn til politiske forhold, tiltaka er ofte planlagde isolert. Samtidig viser denne rapporten at det er vanskelegast å kjempe mot korrupsjon når politiske interesser er involvert. Fiskerieuvalueringa viser at politisk risiko er undervurdert i ein del tilfelle.

Fellesevalueringa prosjekt for å styrke fattigfolks stemmer og styresmaktenes ansvar (Voice and Accountability), som britane leia og der Norge var med, er ei ny påminning om kor vanskeleg det er å påverke maktforholda i eit land. Ho viser også at vi ofte byggjer på optimistiske idear om kva politisk gjennomslagskraft det kan ha å gi støtte til det vi oppfattar som demokratiske aktørar, slik som organisasjonane i det sivile samfunnet.

I den såkalla «Utstein-studien» i 2004 vart det påvist at det eksisterer eit «strategisk underskott» mellom det strategiske poli-

tiske nivået og program for fredsbygging i feltet. Rapporten frå evalueringa av norske forskingsinstituttas bidrag til norsk fredsarbeid konkluderer med at dette strategiske underskottet ikkje er blitt fylt.

Desse erfaringane viser at det er behov for å forstå meir av den politiske samanhengen norsk bistand går inn i. Det betyr ikkje nødvendigvis at aktørane har for lite kunnskap om politiske tilhøve i samarbeidsland, men at slik kunnskap og slike analysar ikkje blir godt nok brukt i planlegging og gjennomføring av utviklingssamarbeidet.



## LANGSIKTIG BRUK AV NORSK KUNNSKAP OG KOMPETANSE GIR RESULTAT PÅ VIKTIGE SEKTORAR

# 2

Vi har frå evalueringar dei siste par åra gode eksempel på at langsiktig samarbeid mellom faginstusjonar i Norge og utviklingsland har vore vellukka. Rapporten om bistand på fiskerisektoren viser slike positive bidrag i form av institusjonsbygging i Vietnam, Mosambik og Tanzania. Tidlegare har evalueringar av bistand knytt til petroleumsutvinning og vasskraftutbygging gitt liknande resultat. Felles for desse samarbeidstiltaka er at dei har hatt langvarige perspektiv, og gått over lang tid. I mange tilfelle må også dette samarbeidet halde fram i overskødeleg framtid om ikkje ein skal tape dei oppnådde resultatata.

Også i to andre evalueringsrapportar blir bruken av norsk kunnskap understreka. Den eine gjeld evalueringa av den norske innsatsen i kampen mot hiv og aids. Her blir den framståande rolla norske fagfolk har spela og spelar i det internasjonale arbeidet understreka. Den andre gjeld bidrag frå norske forskingsinstitusjonar til det fred-sengasjementet norske styresmakter har i utviklingsland. Spesielt blir nytten av norsk forskning for engasjementet i Sør-Sudan framheva. Desse positive erfaringane er likevel ikkje utan unntak. I fiskerieuvalueringa blir det peika på at i somme tilfelle har tilgangen på norsk ekspertise snarare enn behovet i samarbeidslandet vore avgjerande for kva type fagleg bistand som er gitt.

På fleire av desse sektorane har Norge sterke eigne erfaringar å byggje på, som når det gjeld olje, vasskraftutbygging og fiske. Men den gode karakteren norsk aids-innsats får viser at det ikkje er nødvendig at Norge har ein såkalla «komparativ fordel» for at vi skal kunne gi god bistand. Det går an å byggje opp slik kompetanse, som ein i Norge har gjort over lang tid når det gjeld helse og hiv/aids i utviklingsland.

*På fleire av desse sektorane har Norge sterke eigne erfaringar å byggje på, som når det gjeld olje, vasskraftutbygging og fiske.*



### 3

#### NORGE HAR FOR LITEN KAPASITET TIL Å FØLGJE OPP BISTANDEN, SÆRLEG PÅ LANDNIVÅ

*Det kan vere ein samanheng mellom desse funna og ein lærdom som vart trekt fram i fjorårets rapport, at vi har vanskeleg for å dokumentere den positive effekten for folk flest av det norske bistandsengasjementet.*

Evalueringa av norsk innsats mot hiv og aids konkluderer med at ein på norsk side spelar ei positiv og fleksibel rolle på landnivå og lyttar til kva samarbeidspartnaren har å seie. Samtidig meiner konsulentane at vår kapasitet til å følgje opp bistandsprogramma på landnivå er for svak. Fiskerieuvalueringa peikar på at den faglege kapasiteten i bistandsadministrasjonen er for svak i denne sektoren både i Oslo og i samarbeidslanda.

Dette styrkjer funn i tidlegare evalueringar. Zambia-evalueringa viste klart at Norge er betre til å planleggje og setje i verk enn vi er til å følgje opp og sikre at bistanden gir resultat ute i felten. To evalueringar på det humanitære området, av NOREPS og evalueringa i 2007 av bruken av tidlegare militære kjøretøy, peikar i same retninga. Her bør det skytast inn at Utanriksdepartementet nå gjennomfører ei styrking av oppfølgingskapasiteten på det humanitære området.

Fellesevalueringa av kor godt givarane fasar ut bistand til land eller sektorar viser også at styrke i felten er viktig for å tryggje oppnådde resultat når ein fasar ut bistand.

Det kan vere ein samanheng mellom desse funna og ein lærdom som vart trekt fram i fjorårets rapport, at vi har vanskeleg for å dokumentere den positive effekten for folk flest av det norske bistandsengasjementet. I rapporten frå fiskerieuvalueringa blir det nettopp stilt spørsmål ved om norsk bistand på området når det fattige fleirtalet i samarbeidslanda.





## VI FÅR IKKJE TIL Å INTEGRERE TVERRGÅANDE TEMA

# 4

Fiskerieuvalueringa viser at styresett, likestilling og berekraft er forsømte tema i bistandssamarbeidet på denne sektoren. Evalueringa av innsatsen mot hiv og aids viser at integreringa av hiv- og aidsomsyn i andre bistandsprogram kunne ha vore betre. Litteraturgjennomgangen av antikorrupsjonsarbeidet viser at det er relativt få tiltak mot korrupsjon innafør dei sektorane som kanskje er hardast ramma av uvesenet, som vassforsyning, helseprogram og utdanning. Dette er ikkje nytt. Sektorevalueringane i 2007 viste same tendensen. Og den omfattande evalueringa av oppfølging av den norske kvinnestrategien, som vart lagt fram i 2006, viste at integreringsstrategien stort sett hadde vore mislukka.

Derimot viser ei evaluering av eit norsk-finsk fond i Verdsbanken at ein med relativt store øyremerkte midlar har lukkast i å påverke banken i politikk og praksis til å ta meir omsyn til tverrgående tema som miljø og sosial berekraft. Det peikar i retning av at øyremerkte midlar, eit velutbygd apparat og kontinuitet er nødvendig for å få gjennomslag for tema på tvers i den ordinære bistanden.

*Fiskerieuvalueringa viser at styresett, likestilling og berekraft er forsømte tema i bistandssamarbeidet på denne sektoren.*

# Oppfølging av evaluering i forvaltninga



*Oversikten viser at evalueringane i hovudsak blir følgde opp i samsvar med retningslinjene, sjølv om tidsfristane ikkje alltid blir haldne.*

I følgje instruksen for evalueringsverksemda skal den avdelinga, etaten eller ambassaden som er ansvarleg for verksemda som er evaluert utarbeide ein plan for oppfølging til godkjenning av Utanriksråden innan seks veker atter at rapport og oppfølgingsnotat er mottatt frå Evalueringsavdelinga. Etter eit år skal det rapporterast på denne oppfølgingsplanen. Evalueringsavdelinga skal haldast orientert.

## **NORSK BISTAND TIL PETROLEUMSVERKSEMD**

Oppfølgingsnotat sendt til Utanriksråden 22. juni 2007. Oppfølgingsplan vart godkjend i UD 5. oktober 2007. Planen spesifiserte kva som skulle gjerast i oppfølging på kvar av tilrådingane frå evalueringsteamet og oppfølgingsnotatet.

## **NORSK BISTAND TIL KRAFTFORSYNING**

Oppfølgingsnotat vart sendt UD i januar 2008, og oppfølgingsplan vart godkjent i april same året. I oppfølgingsplanen står det at ansvarleg seksjon i Departementet skal utarbeide ein eigen tiltaksplan.

## **EVALUERING AV BRUK AV TIDLEGARE MILITÆRE KJØRETØY I NØDHJELP**

Oppfølgingsnotat vart sendt Utanriksdepartementet i slutten av februar 2008. Etter diskusjon mellom Utanriksdepartementet utarbeidde Røde Kors ein «Handlingsplan for avviking av M621 lastebilkjøretøyer». Vedtaket om gravis avviking er gjort av Røde Kors og teke til etterretning

av Departementet. Norges Røde Kors har vidare oppretta ein eigen avdeling for kvalitetsstyrking og internrevisjon, og det er gjennomført ei omorganisering for å styrke planlegging og kvalitetssikring. Utanriksdepartementet på si side har eit arbeid i gang for å styrkje resultatoppfølging av bistanden, og kapasiteten til slik oppfølging er blitt styrkt.

## **LANDEVALUERING AV NORSK UTVIKLINGSSAMARBEID MED ZAMBIA**

Oppfølgingsnotat vart sendt UD i slutten av mai 2008. Ambassaden i Zambia har aktivt brukt tilrådingane i rapporten i utarbeidinga av sine strategiske planar for 2009–2011 og andre planar for utviklingssamarbeidet med Zambia. Utanriksdepartementet meiner rapporten er god, men peikar også på ein del svake sider ved analysen. Oppfølgingsplan vart godkjend i Utenriksdepartementet i februar 2009.

## **NORSKE ORGANISASJONARS INNSATS I GUATEMALA**

Oppfølgingsnotat vart sendt til Utanriksdepartementet i april 2008. Oppfølgingsnotat vart godkjend i UD i mars 2009.

## **EVALUERING AV NOREPS**

Oppfølgingsnotat vart sendt Departementet i slutten av mars 2008. I 2008 har den rådgivande gruppa for NOREPS møttest kvartalsvis for å arbeide med oppfølging av evalueringa, og den aktuelle seksjonen i Utanriksdepartementet har

tatt initiativ til eit arbeid med å vurdere visse juridiske aspekt omkring ordninga. Statusrapport for oppfølginga blir utarbeidd i mars 2009.

## **EVALUERING AV VERDSBANKENS FOND FOR MILJØ OG BEREKRAFTIG SOSIAL UTVIKLING**

Oppfølgingsnotat vart sendt Utanriksdepartementet i mai 2008, og oppfølgingsplan vart godkjend i UD i oktober. Oppfølgingsplanen legg særleg vekt på klargjering av roller når det gjeld styring og fagleg dialog, krav om betring i rapportering og betring av kunnskapsutvikling og informasjon.



# Internasjonalt samarbeid og evalueringsfagleg utvikling



Evalueringsavdelinga er engasjert i samarbeid med andre evalueringsorgan om fleire prosjekt. Vi har brukt mykje av året til å planleggje ei større evaluering av strategi og tilnærming i kampen mot korrupsjon, ei evaluering som vår avdeling vil leie i samarbeid med fem andre bistandsorgan. I 2008 har vi elles samarbeidd i den svenskeleia evalueringa av korleis bilaterale givarar fasar ut bistand og ei anna svenskeleia evaluering av overgang frå nødhjelp til langsiktig bistand i oppfølginga av tsunamien. Vi samarbeidde med Finland om evaluering av eit felles fond under Verdsbanken, og vi deltok i ei større evaluering av tiltak for å styrke folks stemme og styresmakters ansvar som den britiske evalueringsavdelinga har leia. Både evalueringar av det felles givarkontoret i Juba i Sør-Sudan og av sektorprogrammet for utdanning i Nepal gjorde vi for ei rad andre givarland i tillegg til Norge. Rapportane frå desse evalueringane vil liggje føre våren 2009. Nokre av dei evalueringane som er nemnde ovafor blir gjorde under paraplyen til evalueringsnettverket i OECD-DAC, som vi er eit aktivt medlem av, eller som ein del av eit utvida nordisk samarbeid.

For å stimulere til auka kompetanse i evaluering i norske miljø tok avdelinga initiativ til ein konferanse i juni 2008 i samarbeid med Høgskolen i Oslo om «evaluering av det komplekse». Konferansen vart meir enn fullteikna, og 150 deltakar frå forskingsmiljø, konsulentbransjen, bistandsorganisasjonar og akademia deltok. Som ei konkret oppfølging av konferansen vil det bli danna ei eiga evalueringsforeining i Norge. Evalueringsavdelinga deltar også i EVAforum, eit samarbeidsorgan for evaluering der representantar for statlege organ møtest.

# Fullførte evalueringar i 2008

RAPPORT 1/2008	Evaluering av Norwegian Preparedness System (NOREPS)
RAPPORT 2/2008	Fellesevaluering (med Finland) av Verdsbankens fond for miljømessig og sosialt bærekraftig utvikling
RAPPORT 3/2008	Evaluering av støtteordningane under EØS-avtalen
RAPPORT 4/2008	Evaluering av norsk innsats mot hiv og aids
RAPPORT 5/2008	Evaluering av norske forskingsinstitutters bidrag til norsk fredsinnset
RAPPORT 6/2008	Evaluering av norsk bistand til fiskerisektoren
FELLESEVALUERING	Evaluering av bistand for å styrke fattiges stemmer og styresmaktens ansvar (Voice and Accountability)
FELLESEVALUERING	Evaluering av utfasing av bistand (Managing Aid Exit and Transformation)
SYNTESESTUDIE 1/2008	Erfaringar fra kapasitetsbygging i afrikanske lavinntektsland
SYNTESESTUDIE 2/2008	Erfaringar frå bruk av kontantstøtte i bistanden
STUDIE 2008/1	Norsk virkningsevaluering. En studie.
STUDIE 2/2008	Tilnærminger i arbeidet mot korrupsjon. En litteraturstudie.
UNDP	Evaluering av UNDPs rolle og bidrag innen miljø og energi
VERDSBANKEN	> Verdsbankens støtte til reform av offentlig sektor > Verdsbankens støtte til desentralisering > Verdsbankens økonomiske rådgivning og faglige bistand
GAVI	Evaluering av Det globale vaksineinitiativet GAVI

## Evalueringar som er i gang pr 1. Januar 2009

- > Evaluering av felles givarkontor i Juba, Sør-Sudan
- > Norsk bistand til vern om kulturarven
- > Sektorprogrammet for utdanning i Nepal
- > Evaluering av nasjonalt program for utviklingsrelatert forskning og utdanning (NUFU) og Norads masterprogram (NOMA)
- > Bistand gjennom norske organisasjonar i Nord-Uganda
- > Norsk Folkehjelps mineryddingsprogram
- > Linking Relief, Rehabilitation and Development, Phase 2 (LRDD 2) (fellesevaluering leia av Sverige)
- > Strategiar og tilnærminger i arbeid mot korrupsjon (fellesevaluering leia av Norge)
- > Internasjonal fredsinnset på Haiti
- > Evalueringsfunksjonen til FNs kontrollorgan OIOS
- > Baselinestudie for Utanriksdepartementets miljøhandlingsplan
- > Deskstudie av kanalar i internasjonal innsats for tusenårsålet for helse

# Evaluering av Norwegian Preparedness System (NOREPS)



**EVALUERINGSRAPPORT 1/2008**  
Sidetall 94  
ISBN 978-82-7548-269-1  
Gjennomført av Nordic Consulting Group  
i samarbeid med Channel Research

## EVALUERING AV

Beredskapssystemet NOREPS, som ble opprettet i 1991, er et unikt norsk system der bedrifter, myndigheter og frivillige organisasjoner utgjør et aktivt nettverk og partnerskap. Siktemålet er å levere rask og effektiv respons i form av varer, personell og servicepakker når behovet for nødhjelp oppstår. Forhåndslagring av varer samt beredskapsstyrker av personell utgjør vesentlige deler i NOREPS. Evalueringen ser særlig på innsatsen i perioden 2000–2006.

## FORMÅL

Formålet med evalueringen var å vurdere NOREPS' bidrag til og merverdi i å sikre best mulig norsk humanitær innsats for å møte behovene til berørte befolkningsgrupper. Hovedspørsmålene som ble stilt er:

- > om NOREPS når målene sine,
- > om NOREPS opererer i pakt med humanitære og andre relevante prinsipper,
- > om NOREPS' mandat, og antagelser som kan sies å ligge til grunn for NOREPS, fortsatt passer i dagens situasjon for humanitær bistand.

## FUNN

Evalueringsrapporten gir i hovedsak en positiv vurdering av hvordan NOREPS har fungert i de siste 10 årene. Hovedfunnene er:

- > NOREPS har bidratt til en mer effektiv og koordinert humanitær innsats. Det har sikret en raskere respons og liv er spart. De ulike komponentene har hatt forskjellig betydning i ulike situasjoner, men har alle vært relevante og gitt effektive bidrag. De ulike delene har ikke fungert som noe system, men blitt brukt hver for seg. Dette har ikke hindret at komponentene har gitt gode svar der det har vært mangler i nødhjelpssystemet.
- > Kvaliteten på varer, tjenester og personell vurderes som høy. Bildet er noe mindre entydig når det gjelder kostnadseffektiviteten av varene som tilbys.
- > NOREPS' Forum anses som en unik arena for kommunikasjon mellom norske leverandører og humanitære aktører.

- > Både det internasjonale humanitære systemet og markedet er i endring, noe som tilsier endringer og tilpasninger i NOREPS-systemet. Selv om norsk bistand i prinsippet er ubunden, mener evalueringsteamet at det ikke alltid oppfattes slik ute.
- > Ifølge rapporten drives NOREPS' virksomhet i pakt med humanitære og andre relevante prinsipper.
- > Rapporten peker på generelle svakheter når det gjelder rapporteringsrutiner og statistikkføring for NOREPS
- > Rapporten peker på at UD's forvaltning av systemet er for detaljorientert, og det mangler en strategisk tilnærming.

Både det internasjonale humanitære systemet og markedet er i endring, noe som tilsier endringer og tilpasninger i NOREPS-systemet

## EVALUERINGENS ANBEFALINGER

Teamet peker på ulike valg for det fremtidige NOREPS. I en situasjon hvor det er stor usikkerhet om hvordan det humanitære landskapet vil utvikle seg, vil det være mest hensiktsmessig ikke å foreta drastiske valg nå. I stedet bør en legge opp til praktiske endringer og tilpasning over en femårsperiode.

Evalueringsteamet mener utviklingen tilsier endringer og tilpasning for NOREPS' produkter og service-pakker. Teamet foreslår blant annet at direkte vareleveranser (in-kind) avvikles over en periode på fem år, at UD utvikler en strategi for NOREPS og at departementet endrer sitt administrative fokus når det gjelder NOREPS fra enkeltbidrag til rammeavtaler. Derimot kan personellrekrutteringsordningen NORSTAFF fortsatt fungere godt uten vesentlige endringer.

## OPPFØLGING

Resultatene fra evalueringen ble presentert på et møte for NOREPS-gruppen 12. februar 2008 som ledd i høringsrunde blant de involverte partene. Evalueringsavdelingen i Norad la frem sine tilrådinger gjennom et oppfølgingsnotat til Utenriksdepartementet i mars 2008.

# Evaluering av Verdensbankens fond for miljøvennlig og sosialt bærekraftig utvikling



**EVALUERINGSRAPPORT 2/2008**  
Sidetall 80  
ISBN 978-827548-287-5  
Gjennomført av COWI AS, Danmark

## EVALUERING AV

Verdensbankens fond for miljøvennlig og sosialt bærekraftig utvikling ble etablert av Norge og Verdensbanken i 1999. Finland ble med i 2002. Fondet har som mål å være katalysator for å styrke integrering av miljø og sosialt bærekraftig utvikling på tvers av sektorer i Verdensbankens eget arbeid. Mange av fondets prosjekter er av analytisk art. Siden fondet ble etablert har det mottatt 78,5 millioner amerikanske dollar fra Norge og ca. 10 millioner dollar fra Finland. I januar 2007 hadde fondet finansiert 321 prosjekter i mer enn 50 land.

## FORMÅL

Formålet med evalueringen var tosidig:

- > Å vurdere fondets merverdi og bidrag til å forbedre måten Verdensbanken jobber med miljø, fattigdomsreduksjon og sosial utvikling på.
- > Å foreslå forbedringer for fondet og måten det opererer på. Evalueringen skulle også dokumentere resultater, det ble gjennomført landstudier i Etiopia, Zambia og Indonesia.

## FUNN

Verdensbankfondets komplekse og brede målsetning; «Å være katalysator for å styrke integrering av miljø og sosialt bærekraftig utvikling på tvers av sektorer i Verdensbankens eget arbeid på landnivå og på hovedkvarternivå» bød på operasjonaliseringsproblemer i evalueringen.

- > Hovedkonklusjonen i rapporten er likevel at trustfondet har lykket med sitt mål om å påvirke integrering av miljø og sosialt bærekraftig utvikling i Verdensbankens arbeid. Dette til tross for at pengene i trustfondet er små sammenlignet med tilgjengelige midler fra andre trustfond og fra Bankens egne ressurser.
- > Evalueringen, som er basert på en studie av 26 av de over 300 prosjektene som er finansiert av fondet, fant at de fleste prosjektene som har fokusert på mottakerlands politikk har hatt innvirkning gjennom å fremlegge nye ideer og perspektiver, og dermed utvidet kunnskapen for fremtidige beslutninger.

- > Teamet fant også at globale prosjekter finansiert av fondet var spesielt innovative. Noen få eksempler på dette er Verdensbankens strategi for sosial utvikling og dens nye sosiale politikk, som begge var resultat av prosjekter støttet av dette fondet. Fondet har også bidratt til å utvikle verktøy for fattigdomsanalyse og miljøanalyse.
- > Videre fant teamet at den tette dialogen mellom giverne, banken og referansegruppen, et trekk som skiller dette fondet fra andre fond, har vært avgjørende for å etablere et godt partnerskap mellom norsk UD og Verdensbanken og har åpnet opp muligheter for å påvirke bankens arbeid. Kontinuitet i nøkkelpersonell på begge sider har bidratt sterkt til dette. Men den tette dialogen har også skapt forvirring omkring roller og ansvar for medlemmene av referansegruppen for fondet.
- > Fondet har brukt Verdensbankens eget system for å overvåke prosjektene. Det har i liten grad vært rapportert på tilbakeslag eller hvorfor man ikke nådde de mål man satt seg. Det er mest fokus på vellykkete prosjekter i rapportene.
- > Evalueringen fant lite bevis for at fondet hadde ført til økt samarbeid mellom de ulike enhetene i Verdensbanken, slik målet var.
- > Rapporten sier også at referansegruppen for trustfondet, har i liten grad lykket med å spre kunnskap om fondet i Norge og Finland.

## EVALUERINGENS ANBEFALINGER

Rapporten anbefaler at trustfondet bør innrettes mer strategisk når det gjelder mål, sammensetning og langsiktighet. Særlig ble det anbefalt å gå over fra ettårig til treårige programperioder. I evalueringsrapporten anbefales det også at giverne klargjør mandatet og den operative rollen til referansegruppen. På mer operativt nivå anbefales det at de i større grad også må rapporteres på tilfeller der det er manglende suksess, og at det må rapporteres på i hvilken grad fondets overordnede målsetninger har blitt oppnådd.

## OPPFØLGING

Evalueringsavdelingen presenterte resultatet av evalueringen på et seminar i Norad 17. april 2008. Evalueringsavdelingen mottok kommentarer fra referansegruppen for fondet, og fra Bankseksjonen i Utenriksdepartementet og Verdensbanken. Evalueringsavdelingen la fram sine forslag til oppfølging for Utenriksdepartementet i et oppfølgingsnotat 21. mai 2008. Den 16. oktober 2008 redegjorde Bankseksjonen i Utenriksdepartementet i et eget notat for hvordan de vil følge opp de fleste av anbefalingene.

# Evaluering av støtteordningane under EØS-avtalen



**EVALUERINGSRAPPORT 3/2008**  
Sidetall 84  
ISBN 978-82-7548-320-9  
Gjennomført av PriceWaterhouseCoopers

## EVALUERING AV

Ei midtvegsevaluering av stønaden under EØS-avtalen. Det er EØS-ordninga som blir evaluert, ikkje minst systemet og strukturen for godkjenning av tiltak og forvaltning av midlar. Det er for tidleg å vurdere resultatane av bistanden. Totalt skal det fordelast 1,3 mrd. euro i perioden 2004–2009. Norge finansierer 95 prosent av totalsummen. Det er heile ordninga som er evaluert, men det er gjort studiar i tre land, Tsjekkia, Polen og Estland, dit 57 prosent av midlane går.

Berre 46% av den totale ramma var fordelt første kvartal 2008, og berre tre prosent var faktisk utbetalt

## FØREMÅL

Det viktigaste føremålet med denne evalueringa var å hente inn erfaringar om korleis ordninga har fungert så langt med tanke på planlegging av vidare stønad. Evalueringa fokuserer difor på kostnadseffektiviteten i sjølve ordninga.

## FUNN

- > EØS-støtteordninga er blitt mottatt med entusiasme av dei gruppene som kan nyte godt av henne, og det er stor etterspørsmål etter midlane i samarbeidslanda. Ordninga har gjort det mogleg å støtte grupper og prosjekt som elles ikkje ville fått stønad.
- > Det er etablert eit kompetent forvaltningssystem med kunnskapsrike og erfarne medarbeidarar til å administrere ordninga. Systemet og medarbeidarane har vist stor vilje til å lære av sine erfaringar.
- > Fondet er godt synleg i samarbeidslanda, noko som har fremja auka samarbeid med givarlanda, dvs. i hovudsak Norge.

- > Det er betydeleg ineffektivitet i implementeringa av ordninga, noko som har ført til at programmet er klart forseinka. Dei direkte alternativkostnadene av dette kan reknast til mellom 10 og 30 prosent av dei totale programkostnadene.
- > Det er særleg dobbeltarbeid i førehandsvurderinga og kontrollen av midlane som reduserer effektiviteten. Kontroll- og rapportsystemet frå givarane er for rigid, og har liten verdi på toppen av omfattande nasjonal kontroll. Det er for mange retningslinjer. Etter at den nasjonale behandlinga av søknader tar 6–9 månader, gjekk det i starten av programmet i gjennomsnitt 350 dagar før eit prosjekt var godkjent og 446 dagar før kontrakt var underskriven. Men over det siste halvanna året har det skjedd ei klar forbetring, og tida frå søknader vert mottokne i Brussel og til kontrakt blir underskriven tar det nå 191 dagar i gjennomsnitt.
- > Måla for programmet er vagt formulerte og ikkje støtta opp med indikatorar og delmål. Dette har gått ut over prioritering og iverksetjing av og av framtidig evne til å måle kva som blir oppnådd.
- > Programstøtte og blokktildeling (block grants) ser ut til å fungere betre enn støtte til individuelle prosjekt.
- > Det er risiko for at ein ikkje vil klare målet om å fordele alle midlane før mars 2009 og å utbetale alt innan oktober 2011 på grunn av forseinkinga i startfasen. Berre 46 prosent av den totale ramma var fordelt første kvartal 2008, og berre tre prosent var faktisk utbetalt.

## TILRÅDINGAR

Rapporten inneheld også ei rekke tilrådingar for å rette opp svakhetane, både i det nåverande programmet og på lengre sikt. Blant desse er:

- > I framtidige finansieringsordningar bør ein i større grad bruke programtilnærming, der mål og forventna resultat blir forhandla bilateralt med mottakarlanda.
- > Det må sikrast betre samanheng mellom måla for ordninga totalt sett, mål på landnivå og for dei enkelte tiltaka.
- > Ein bør leggje til grunn prinsipp om addisjonalitet og proporsjonalitet for å unngå overlapping og dobbeltarbeid i førehandsvurdering og overvaking.
- > Gjennomføringa bør i større grad baserast på landa sine eigen rutinar og etablerte institusjonar.



# Evaluering av norsk støtte til innsats mot hiv og aids



**EVALUERINGSRAPPORT 4/2008**  
Vol 1 og Vol II  
Sidetal 66/295  
ISBN 978-82-7548-324-7/978-82-7548-326-1  
Gjennomført av ITAD

## EVALUERING AV

Evaluering av den norske støtta til nasjonale innsatsar mot hiv og aids i tre afrikanske land og på det globale planet. Noreg har støtta kampen mot hiv og aids sidan 1986, men år 2000 markerte eit skifte i den norske tilnærminga. Då vart hiv og aids gjort til eit prioritert område i norsk utviklingssamarbeid både på det globale og det lokale planet. Det vart utvikla eit policy-paper for norsk støtte til dette området og ressursar til å kjempe mot epidemien vart kanalisert gjennom mange ulike organisasjonar og program både på internasjonalt og lokalt nivå.

Rapporten er inndelt i ein synteserapport (hovudrapport), landrapportar frå Etiopia, Malawi og Tanzania, samt ein rapport som ser på norsk innsats innan hiv- og aidstiltak på det globale planet.

## FØREMÅL

Føremålet med evalueringa har vore å dokumentere resultat og å identifisere lærdom som kan brukast til betre å nå norske mål.

Tilnærminga har vore å få dokumentert og vurdert:

- > i kva grad endringar i hiv- og aidssituasjonen har funne stad i dei tre utvalde landa basert på endringar i åtferd,
- > kva faktorar som har påverka endringane i åtferd i dei tre landa,
- > i kva grad Noreg har medverka til at slike endringar har funne stad i dei tre landa, og
- > dei strategiske vala av partnerar på landnivå.

## FUNN

- > Rapporten viser at ein kan sjå ein liten nedgang i talet på hiv-smitta ungdomar i alderen 15–24 år i alle case-landa. Kunnskap om hiv og aids har auka i to av dei tre landa, medan auka bruk av kondom er registrert i alle tre landa.
- > Studien er klar på at støtta frå Noreg har medverka til positive nasjonale resultat i kampen mot hiv og aids.
- > Noreg blir framstilt som ein svært lydhør givar som kanskje i større grad enn andre er fleksibel og villig til å støtte nasjonalt leiarskap i kampen mot hiv. Slik støtte gir mindre direkte

synlege resultat av dei norske midlane, men vil ifølgje rapporten få større innverknad på lengre sikt.

- > Det er og verdt å merke seg at rapporten finn teikn på at den norske vilja til å vere fleksible og risikovillige er i ferd med å bli mindre.
- > På det internasjonale planet syner rapporten at Noreg har vore ein aktiv bidragsytar i å byggje opp den internasjonale bistandsarkitekturen, og at norske fagfolk har spela ei fram-tredande rolle i dette arbeidet.
- > Av manglar peikar rapporten på at den norske støtta gjennom dei ulike kanalane i samarbeidslanda ikkje er godt nok koordinert.
- > Integrering av hiv og aids i andre utviklingstiltak kan og betrast.
- > I tillegg seier rapporten at den norske kapasiteten til å følgje opp tiltak på landnivå er for svak.

## TILRÅDINGAR

Evalueringsteamet har lagt fram fleire tilrådingar overfor norske styresmakter, inkludert at Noreg bør:

- > fortsetje med å gi støtte gjennom ulike kanalar, inkludert støtte gjennom frivillige organisasjonar, men bør sikre betre samordning av dei norskstøtta intervensjonane,
- > utvikle klare landprogram og partnerskapsstrategiar på landnivå, der rasjonale, mål og forventna resultat av programma blir definert,
- > samarbeide med andre partnerar for å sikre integrering av hiv og aids på tvers av sektorar på landnivå. I tillegg bør Noreg sikre integrering av hiv og aids i dei nye prioriterte satsingsområda innan norsk utviklingssamarbeid, for eksempel når det gjeld miljøtiltak,
- > arbeide med andre partnerar for å betre svake oppfølgings- og evalueringssystem på landnivå,
- > styrke kapasiteten ved norske ambassadar for å sikre oppfølgjing og koordinering av den norske støtta.

## OPPFØLGING

Resultata frå evalueringa vart lagt fram på eit opent seminar den 30. oktober 2008 som ledd i ein høyringsrunde blant dei involverte partane. Evalueringsavdelinga i Norad la fram sine tilrådingar for leiinga i Utanriksdepartementet i eit oppfølgingsnotat i januar 2009.

# Evaluering av norske forskningsinstituttets bidrag til norsk fredsarbeid



**EVALUERINGSRAPPORT 5/2008**  
**Sidetall 111**  
**ISBN 978-82-7548-344-3**  
Gjennomført av Channel Research, Brussel

## EVALUERING AV

Bidrag fra CMI, FAFO, NUPI og PRIO til å nå norske myndigheters mål innenfor konfliktforebygging og fredsbygging. Det er gjort fem case-studier, i Sudan, De palestinske områdene, Sri Lanka, av det regionale opplæringsprogrammet for fred i Afrika og av arbeidet med Sikkerhetsrådsresolusjon 1325.

## FORMÅL

Kartlegge utviklingen av de fire instituttenes forskningsvirksomhet på området og vurdere konsekvenser av at forskning er blitt et så viktig element i «den norske modellen». Studien trekker konklusjoner om hvordan norsk forskning og forskningsstøtte har utviklet seg innenfor konfliktforebygging og fredsbygging.

## FUNN

- > Norsk forskning innen konfliktforebygging og fredsbygging har de siste åra nådd et høyt modningsnivå og utgjør en unik ressurs for Utenriksdepartementet.
- > Et levedyktig og mangfoldig finansieringssystem har blitt etablert. Men finansieringa har vokst og spredd seg fort, noe som har ført til høyst ulike kriterier for forskning, mangel på oversikt og begrensa samarbeid mellom partnerne.
- > Det relativt lille forsknings- og diplomatemiljøet har unngått synlige interessekonflikter knyttet til finansieringsmekanismene.
- > I Sudan har norsk forskning bidratt betydelig gjennom å forsyne beslutningstakere med faktisk informasjon og gjennom å bidra til å sette dagsorden, bygge kompetanse og utvikle nettverk. Når det gjelder de palestinske områdene konkluderer rapporten at informasjon og forståelse av situasjonen i forskningen er eksepsjonelt god, mens kapasitetsbygging har blitt mindre prioritert etter hvert. I Sri Lanka har norske myndigheter heller brukt internasjonale kilder enn norske. Opplæringsprogrammet for fred i Afrika utgjør et godt eksempel på hvordan forskningsinstitusjoner kan bidra med å bygge regional kunnskap og nettverk. Til sist har norske forskningsinstitutter hatt en betydelig innflytelse på norsk innsats for å gjennomføre Sikkerhetsrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og sikkerhet.

- > Den såkalte «Utstein-studien» i 2004 fant at det var et «strategisk underskudd» mellom den strategiske politikken og programmene i felt når det gjaldt norsk bistand til fredsbygging. Mye av forskningen de siste åra har vært raske svar på bestilling. Forskningsagendaen er derfor blitt influert av kortsiktige behov, og har ikke kunnet fylle det strategiske underskuddet.
- > Det er en unødvendig kontrast mellom finansiering av lang-siktig og kortsiktig forskning på dette feltet, hvor den første tar sikte på kompetanseoppbygging og den første skal levere informasjon raskt. Dette har ført til effektivitetstap, og betydelige ressurser er brukt på dårlig koordinerte forslag som ikke er fulgt opp eller politiske initiativ som ikke er støttet av forskning. Norads rolle har vært begrenset til å holde oversikt over forskningsstøtte.

## ANBEFALINGER

- Evalueringsteamet foreslår ikke ny politikk eller innføring av nye strukturer, men noen skritt for å bedre den overordnede styringa av kunnskap og strategisk tenkning:
- > Utenriksdepartementet får råd om å skape en konsultasjonsmekanisme for de ulike statlige organene og forskningsinstitusjonene som er engasjert i konfliktforebygging og fredsbygging,
  - > det anbefales også at det formuleres spesifikke mål for forskningen, hvor kapasitetsbygging i Norge og i utlandet understrekes,
  - > forskningsinstitusjonene rådes til å utforme og utføre strategier for nasjonal kapasitetsbygging,
  - > UD og Norad bør utvikle rammeverk for kunnskapsforvaltning for forskning på området, og
  - > Norad bør vurdere å styrke sin rolle fra rent praktisk oversyn til å ha kapasitet til å vurdere innholdet i forskningen.

# Evaluering av norsk bistand til fiskerisektoren



**EVALUERINGSRAPPORT 6/2008**  
**Sidetal 99**  
**ISBN 978-82-7548-366-7**  
Gjennomført av MRAG i samarbeid med  
ECON Pöyry og Natural Resources Institute (NRI)

## EVALUERING AV

Norge har gitt bistand på fiskerisektoren til 57 land med totalt 1,5 mrd kroner i perioden 1985–2006. Over halvparten har vært bilateral støtte til afrikanske land, hovedsaklig Namibia, Mosambik og Tanzania. Videre har det vært gitt støtte til Sri Lanka, Vietnam, Filippinene, Kina og Nicaragua.

## FORMÅL

Hovedformålet med denne evalueringa var å dokumentere resultatene av norsk bistand på fiskerisektoren og skissere lærdommer som kan brukes i planlegging og gjennomføring av framtidig bistand. Evalueringa konsentrerer seg om resultater og virkning når det gjelder tre deler av bilateral bistand siden 1985:

- > Faglig bistand for å støtte fiskeripolitikk og fiskeridministrasjon
- > Støtte til forskning, utdanning og opplæring
- > Direkte støtte til fiskeriforetak i privat sektor

## FUNN

- > Den overordnede konklusjonen er at norsk bistand på fiskerisektoren har spilt en positiv rolle i å støtte fiskerit utvikling i samarbeidsland.
- > Norsk kunnskap er særlig blitt brukt til å styrke forvaltningen av fiskeressurser på nasjonalt nivå i samarbeidsland. Norske rådgivere i institusjoner i samarbeidsland har bidratt til å bygge opp kompetanse og kapasitet. En slik positiv innvirkning på forvaltningsinstitusjoner har en funnet i Namibia, Tanzania og Vietnam.
- > Fokuseringa på bruken av norsk ekspertise har til tider blitt prioritert foran fattigdomsreduksjon. I noen tilfelle kan hvilken ekspertise Norge har til rådighet ha blitt viktigere for å bestemme innsatsen enn behovene i samarbeidslandet.
- > Det er vanskelig å finne resultater for de fattige av den norske bistanden, bortsett fra jobbskaping gjennom bistanden til privat sektor.
- > Norsk bistand på dette området får ros for fleksibilitet og for å ha en mottakerorientert tilnærming.

- > Resultatene av bistanden er lettest å finne på det nasjonale planet. På regionalt og lokalt plan er det vanskeligere.
- > Når det gjeld styresett, likestilling og biologisk bærekraft står det mye igjen å gjøre på denne sektoren.
- > Kostnadseffektiviteten varierer fra land til land og fra prosjekt til prosjekt, men generelt har den vært tilfredsstillende. I noen tilfelle har den politiske risikoen ved prosjektgjennomføringen vært undervurdert.
- > Bistanden til privat sektor har vært effektiv. Selskaper som har vært støttet av Norad har vist at de er profitable og bærekraftige. Norfund har tapt på sine investeringer på sektoren, men utviklingseffekten av disse investeringene har vært positiv.

